

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Helse Vest RHF, Stavanger

MØTETIDSPUNKT: 05.02. 2020, KL. 0830 – 1600 og 10.02.2020 KL. 1800 - 1830

Deltakarar frå styret

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Pernille Lysaker	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Jan Oddvard Gjerd	Observatør

Forfall

Ingeborg Morken hadde forfall 5. februar.

Deltakarar frå administrasjonen

Herlof Nilssen, administrerende direktør
 Baard-Christian Schem, fagdirektør
 Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
 Ivar Eriksen, eigardirektør
 Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
 Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
 organisasjon og teknologi
 Torunn Nilsen, styresekretær

Sak 005/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse.

Sak 008/20 AD si orientering pkt. 6 – Nye styre i helseføretaka, blir behandla i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd nr. 2.

Den lukka delen av styremøtet blir på slutten av møtet.

Forfall:

Ingeborg Morken hadde meldt forfall til styremøtet.

Dokument som var ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet
- Oppdatert innkalling og sakliste
- Oppdatert AD si orientering
- Til sak 010/20 Endeleg oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2020
- Til sak 013/20 Notat med tilleggsvedtak
- Sak 017/20 Høyring Grimstadutvalet
- Sak 021/20 Resultat omdømmemåling 2020
- Sak 022/20 Regulering av styregodtgjering i helseføretak
- Skriv 03 - Uttale Ambulansetenester i Helse Førde
- Skriv 04 – Brev og styrevedtak frå Helse Bergen HF – Nevrokirurgi i Helse Vest
- Skriv 05 - Fråsegn om å styrke medisinedanninga på Vestlandet - frå Vestland fylkeskommune

Dagsorden:

Det var eit nytt punkt på AD si orientering:

Pkt. 7 Inntektsutvalet

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 006/20 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 12.12. 2019**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 12. desember 2019.

Sak 007/20 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 11.01. 2020**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 11. januar 2020.

Sak 008/20 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Revidering regional plan habilitering og rehabilitering

Styret bad i møtet i desember 2019 (sak 138/19) om ei sak/notat som oppsummerer status i arbeidet med oppfølging av tiltaka i plan for rehabilitering og habilitering, samt tilbakemelding om når planen er tenkt revidert eller ny plan blir utarbeidd.

Den føreliggande planen er relativt omfattande og grundig. Planen inneheld ei rekkje forbetringstiltak som skal bidra til å nå dei følgjande hovudmåla for spesialisert habilitering og rehabilitering i Helse Vest.

Helseføretaka har rapportert på oppfølging av prioriterte tiltak undervegs i planperioden, og ein overordna årleg statusoversikt følgjer av styresak 58/19 i mai 2019.

Planperioden for regional plan for habilitering og rehabilitering går ut 2020. Administrerende direktør vil derfor i løpet av året gjere ein samla gjennomgang av tiltaka i planen i samarbeid med helseføretaka. Gjennomgangen vil danne grunnlaget for ein oppdatert regional plan, som i hovudsak byggjer på utgreiingane i den eksisterande planen. Det blir på denne måten lagt opp til ein meir avgrensa prosess i 2020, basert på det omfattande planarbeidet som blei gjennomført i 2015.

Statusgjennomgangen og forslag til ein oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering vil bli lagt fram for styret i Helse Vest innan utgangen av 2020.

Styret ønskja at ein i statusgjennomgangen av tiltaka i planen tek omsyn til at brukarar og pårørande blir involvert i evaluering og vurdering av måloppnåing.

Styret ønskja også ein tilbakemelding på når det er planlagt å revidere andre planer som går fram av styresak 58/19 frå mai 2019.

7. Inntektsutvalet

Inntektsutvalet blei oppretta av Regjeringa ved kongeleg resolusjon den 23. mars 2018. Arbeidet har pågått i vel halvanna år og utvalet leverte sin rapport til Helseministeren den 16. desember 2019. Utvalet var leia av professor Jon Magnussen.

Mandatet til utvalet har vore å «gjennomgå og ev. foreslå ein revisjon av dagens modell»

I rapporten stiller utvalet seg samla bak forslaget til modell. Modellen fangar opp dei endringar som har skjedd i perioden 2003-06 til 2016-17. Den er også basert på betre data, særleg innan psykisk helsevern og TSB, men også innan somatikk.

Helse- og Omsorgsdepartementet har sendt utvalet sin rapport på høyring med høyringsfrist 17. mars 2020.

Styret vil få framlagt forslag til høyringsuttale i styremøte 11. mars 2020.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 009/20 Rapportering frå verksemda per november og desember 2019

Oppsummering

Helsefaglege indikatorar og sjukefråvær

Status	Desember 2019	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
	Korridorpasienter	0%	0%	1,7% [!]	2,6% [!]	4% [!]	0,5% [!]	0,6% [!]
*	Epikristid SOM	100 %	100 %	86,7% [!]	84,7% [!]	81,1% [!]	88,3% [!]	91,7% [!]
*	Epikristid PH	100 %	100 %	87,5% [!]	77,5% [!]	97,2% [!]	94,2% [!]	84,1% [!]
	Sykefråvær	5,5%	5,5%	7,3% [!]	6,9% [!]	8,3% [!]	7,8% [!]	6,4% [!]

Status Desember 2019	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Fristbrot behandla	0	0%	2,8% [!]	2,9% [!]	4,4% [!]	2,7% [!]	0,6% [·]
Gj.snitt ventetid, behandla SOM	60	56	61 [·]	60 [·]	59 [·]	62 [·]	59 [·]
Gj.snitt ventetid, behandla BUP	40	35	31 [✓]	33 [✓]	35 [✓]	26 [✓]	38 [·]
Gj.snitt ventetid, behandla PHV	45	40	38 [✓]	45 [·]	34 [✓]	41 [✓]	23 [✓]
Gj.snitt ventetid, behandla TSB	35	30	32 [·]	20 [✓]	30 [·]	23 [✓]	33 [·]

**Tala for Epikrise viser tal for november månad.*

Tabellen viser status av målkrava denne perioden

Mange av dei helsefaglege indikatorane har betra seg gjennom hausten, etter å ha gått feil veg i sommar grunna lågare aktivitetsnivået i helseføretaka i samband med ferieavvikling. Dei samla gjennomsnittlege ventetidene var uendra frå november, og var på 61 dagar i gjennomsnitt for alle fagområde. Den gjennomsnittlege ventetida betra seg noko innan somatikken og psykisk helsevern for barn og unge, men gjekk litt opp siste månad innan dei to andre fagområda. Innan BUP og PHV låg den samla ventetida innanfor dei regionale måla i desember, medan ein ligg over målet innan somatikken og TSB. Innan TSB er HF-a samla sett innanfor kravet, medan dei private institusjonane har ei gjennomsnittleg ventetid på 36 dagar i desember. Prosentdelen fristbrot for dei som starta behandling i desember gjekk vidare ned frå toppen ein hadde i august, og var på 2,8 % samla for HF-a. Prosentdelen korridorpasientar innan somatikken har halde seg stabil kring 1,6 – 1,7 % gjennom heile 2019, men var på 1,7 % i desember 2019.

Ventetider

Ventetidsutviklinga syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling, innanfor alle tenesteyrader var på 61 dagar i desember. I oppdragsdokumentet er det nasjonale kravet frå HOD at ventetida skal under 50 dagar i gjennomsnitt innan 2021. Samla resultata på ventetid for desember 2019 er om lag 3 dagar høgare enn for desember 2018, samt for høge relatert til den regionale målsettinga.

Innan BUP har den samla ventetida gått ned frå 52 dagar i august til 31 dagar i desember, medan den gjennomsnittlege ventetida har gått ned frå 53 til 38 dagar innan PVH i same periode.

Fristbrot

Talet på fristbrot for dei som starta behandling har samla gått ned frå 4,9 % i august til 2,8 % i desember.

Korridorpasientar

Prosentdelen korridorpasientar har samla sett halde seg kring 1,6 – 1,7 % gjennom heile 2019, og var på 1,7 % i desember. Av helseføretaka er det framleis Helse Fonna som har den høgaste prosentdelen korridorpasientar i regionen, med 4,0 % i desember.

Epikriser

Utviklinga i prosentdelen pasientar som har fått epikrise innan sju virkedagar etter utskriving har vore rimeleg flat over fleire år for alle dei fire helseføretaka. Den samla epikrisetida har stort sett variert mellom 85 % og 90 % både innan somatikken og psykisk helsevern. Helse Førde og derneist Helse Bergen er dei to føretaka som ligg nærmast den nasjonale målsettinga om 100 % utsendt epikrise innan sju dagar innan somatikken, medan Helse Stavanger og Helse Fonna ligg lengst unna denne målsettinga.

Regional epikrise-mal er ein del av prosjektkandidaten «Vel heim». Det vil vere eit samarbeid mellom prosjektet og føretaka om utarbeiding og endring av den regionale epikrisemalen som skal sikre epikrise «i handa». «Vel heim» planlegg å vere ferdig med sitt prosjekt i løpet av 2020.

Sjukefråvær

Per desember 2019 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa i Helse Vest på 7,3 %. Det sjukemeldte fråværet for desember 2019 var på 6,0 %.

Per desember 2019 hadde 59,42 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 61,26 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

Heiltid

8 484 fleire medarbeidarar har sidan desember 2010 til desember 2019 fått høgare stillingsprosent i føretaksgruppa Helse Vest. Det er 5 842 fleire medarbeidarar som har 100 % stilling og 2 642 fleire som har høgare stillingsprosent. Korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent er på 90,73 %. Måltalet er på 89,30 %.

HMS/kvalitet

Hittil per desember 2019 er det meldt totalt 44 323 hendingar. Dette er 6 373 fleire tilfelle samanlikna med same periode 2018.

Vald og truslar mot tilsette hittil per desember 2019 er totalt 2 294. Dette er 468 færre enn same periode 2018. Det har vore 211 tilfelle med truslar om drap, mens det var 185 truslar om drap i same periode 2018.

Uønska hendingar har samla gått opp med 2 380 tilfelle samanlikna med same periode 2018. Tal på forbetningsområde per desember 2019 er 11 433. Dette er 1 326 fleire tilfelle samanlikna med same periode 2018. Totalt meldte hendingar per desember 2019 utgjør 0,43 hending per netto månadsverk.

Økonomi og finans

Det samla resultatet i føretaksgruppa er per november 2019 er kr 607 mill., som er kr 74 mill. lågare enn budsjetttert. Resultatet for november er positivt med kr 0,8 mill., det er kr 55,8 mill. lågare enn budsjetttert.

Akkumulert økonomisk resultat per føretak


	November			Hittil pr. November		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	624	-64	688	10 947	5 950	4 996
Helse Bergen HF	-26 177	10 000	-36 177	35 680	109 999	-74 319
Helse Fonna HF	-3 525	3 333	-6 858	15 081	36 667	-21 585
Helse Førde HF	3 569	3 000	569	28 358	33 000	-4 642
Helse Stavanger HF	20 124	7 500	12 624	45 444	82 500	-37 056
Helse Vest RHF	9 954	32 763	-22 809	463 876	412 010	51 866
Helse Vest IKT AS	-3 738	92	-3 830	7 735	1 380	6 355
Til saman	831	56 624	-55 794	607 121	681 507	-74 386

I forbindelse med etablering av nytt ERP-system, vil det være noko usikkerheit knytt til tala.


Tal tvangsinnleggingar pr. 1000 innbyggjar i Helse Vest

Figuren / grafen under syner tal tvangsinnleggingar pr. 1000 innbyggjarar i Helse Vest RHF, der kvar graf representerer eit lokalt helseføretak. Tala dekker perioden frå og med januar 2018 til og med desember 2019. Helse Førde har så få tvangsinnleggingar at det ikkje er relevant å utføre statistiske analyser. For dei andre føretaka er det relativt stabilt.

Tvangsinnleggelser pr. 1000 innbygger i Helse Vest



Dei same tala kan bli rekna om til årlege gjennomsnitt, då ser biletet slik ut:



Ut frå denne grafiske framstillinga kan det sjå ut som om det er jamn nedgang i tal tvangsinnleggingar i psykisk helsevern i perioden 2018 til 2019, med unntak av Helse Stavanger.

Av alle innleggingar i psykisk helsevern i 2. tert. 2019 i regionen var det 20,1 % som var tvangsinnleggingar. Helse Vest er med det den regionen som har høgast del tvangsinnleggingar i landet, landsgjennomsnittet er 18,6 %.

Styret ønskja auka fokus på avansert oppgåveplanlegging. Styret ønskja at dette blir sett på agendaen under bolken om gevinstrealisering på førstkommende styremøte.

Styret ønskja også ein sak om status i arbeidet med avansert oppgåveplanlegging og strategi for utrulling i heile føretaksgruppa.

Styret var uroa over det svake resultatet i Helse Bergen HF, og kva konsekvensar det vil få for investeringsnivået i 2020. Dette vil bli gjennomgått i samband med prosessen for kvalitetssikring av budsjetta i HF-a. Styret vil få ein gjennomgang av budsjetta for alle HF-a i neste styremøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. desember 2019 til etterretning.

Sak 010/20 Oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2020

Oppsummering

Tysdag 14. januar 2020 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sitt styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og i statsråden sin «sjukehusstale».

Vedtak (samrøystes)

Styret tok oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2020 til etterretning.

Sak 011/20 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

14.01.20 Kl. 09:15

Oppsummering

Etter lov om helseføretak § 24 blir styremedlemmene valt for to år. Sittande styremedlemmer blei vald i januar 2018.

Styra i helseføretaka har både styremedlemmer valt av eigar og styremedlemmer valt av dei tilsette. Styremedlemmene som er valt av eigar vert valde i samsvar med lov om helseføretak § 21, tredje ledd.

I møtet blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Val av styremedlemmer, jf. lov om helseføretak § 21
- Sak 4 Fastsetting av styregodtgjering, jf. lov om helseføretak § 21 tredje ledd

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 14. januar 2020 - val av styremedlem i Helse Vest RHF – til etterretting.

Sak 012/20 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

14.01.20 Kl. 1330

Oppsummering

Tysdag 14. januar 2020 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sine styringsbodskap, politiske mål og forventningar til sjukehusa og øvrig spesialisthelseteneste i føretaksmøte, oppdragsdokument og i statsråden sin sjukehusstale.

Det blei halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka kl. 13.30.

I føretaksmøtet formidlar eigar styringsbodskapen for 2020, og presenterer dei styringskrav som gjeld for inneverande år.

I møtet blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Krav og rammer for 2020

Krav og rammer vil bli vidareformidla til helseføretaka i styringsdokumenta for 2020, som vil bli lagt fram for styret i mars.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok «Protokoll frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF den 14. januar 2020 Kl. 13.30 – Krav og rammer» til etterretning.

Sak 013/20 Konsernbudsjett 2020, investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett og justering av inntektsramma til helseføretaka

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 12. desember 2019 sak 128/19 B Inntektsfordeling og resultatkrav 2020. Det vart då fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2020:

Inntektsramme

INNETKTSFORDELING 2020	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 147 378	1 005 440	3 378 252	682 886	372 077	-	7 586 032
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 157 203	2 185 850	6 319 008	1 808 752			14 470 813
Kvalitetsbasert finansiering	20 915	13 845	43 591	11 049			89 400
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	383 797	226 475	944 411	181 723	472 399	3 196 968	5 405 773
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	10 074	7 794	33 474	20 992			72 333
SUM, inntekt 2020 fordelt frå RHF	6 719 366	3 439 403	10 718 735	2 705 402	844 476	3 196 968	27 624 350

Resultatkrav

Endeleg Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2020	100 000	40 000	120 000	26 000	7 000	1 000	150 000	444 000

Helseføretaka har med basis i sak 128/19 B behandla og vedtatt sine budsjett for 2020 i dei respektive styra.

Helse Vest RHF legg med basis i helseføretaka sine vedtak for budsjett 2020 no fram sak om konsernbudsjett 2020 samt investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett.

Denne saka tar og opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå HOD som ikkje var innarbeidd i saka om inntektsfordeling 2020. I tillegg er det nokre postar som ikkje var fanga opp i sak 128/19 B som no er innarbeidd i inntektsfordelinga.

Vedtak (samrøystes)

1. Inntektsramme for 2020 som blei vedtatt under sak 128/19 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):

Endringar i inntektsramma for 2020 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2020 - sak 128/19 B	6 719 366	3 439 403	10 718 735	2 705 402	844 476	3 196 968	27 624 350
Justeringar av inntektsramme frå staten:							
Tilskot til protonsentor			24 000				24 000
Kvalitetsbasert finansiering	-12	-3	-17	-3			-35
Nasjonale kompetansenester	-178		-154			-320	-652
Tilskot til turnustenesta						-426	-426
Forsøksordning tannhelsetenesta	300		2 100				2 400
Medisinske kvalitetsregistre						-6 851	-6 851
							0
Endringar i inntektsfordelinga							0
Sjablong MVA Bergensklinnene - overgangsordning på 2 år			3 500			-3 500	0
Twungen omsorg for psykisk utviklingshemma - eigenbetaling 20%	1 407	702	1 786	405		-4 300	0
Regional monitoreringsteneste			2 062			-2 062	0
Kompetanse og nettverksbygging "kropp og sjølvkjensle"			1 336			-1 336	0
							0
Endring øremerka tilskot							0
Heroinassisert behandling - forsøksprosjekt			3 530			-3 530	0
							0
Sum endringar	1 517	699	38 143	402	0	-22 324	18 436
Oppdatert inntektsfordeling 2020	6 720 883	3 440 102	10 756 879	2 705 803	844 476	3 174 644	27 642 786

2. Justert inntektsramme fordelt pr. helseføretak:

INNETKTSFORDELING 2020	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 147 378	1 005 440	3 378 252	682 886	372 077	-	7 586 032
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 157 203	2 185 850	6 319 008	1 808 752			14 470 813
Kvalitetsbasert finansiering	20 903	13 842	43 574	11 046			89 365
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	385 203	227 177	953 095	182 128	472 399	3 174 643	5 394 646
Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	10 196	7 794	62 949	20 992			101 931
SUM, inntekt 2020 fordelt frå RHF	6 720 883	3 440 102	10 756 879	2 705 803	844 476	3 174 643	27 642 786

3. Resultatkravet for 2020 blir fastsett som følgjer:

Endeleg Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2020	100 000	40 000	120 000	26 000	7 000	1 000	150 000	444 000

4. Investeringsbudsjettet for 2020 blir fastsett som følgjer:

Samandrag investeringar (Budsjett 2020)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	1 574 026	727 260	949 000	274 800				3 525 086
Medisinteknisk utstyr	261 893	30 000	215 000	20 000				526 893
IKT						493 878		493 878
Anna	47 147	10 000	139 000	14 000	32 900			243 047
Sum investeringar 2020	1 883 066	767 260	1 303 000	308 800	32 900	493 878	0	4 788 904

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2019 er endelig klarlagt. Dette må i så fall skje innanfor gjeldande investeringsregime og bli behandla av styret i dei respektive føretaka. Framdrifta på investeringane må styrast i tråd med tilgjengeleg likviditet i helseføretaka.

- Administrerande direktør kan foreta nødvendige mindre omdisponeringar av budsjettpostane innanfor den totale budsjettamma.
- Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.
- Det blir tildelt eit investeringstilskot på 21 mill. kroner til finansiering av skannarar for digital patologi.

Tilskotet fordelar seg som følgjer på helseføretaka:

Helse Stavanger	6,0 mill. kroner
Helse Fonna	4,5 mill. kroner
Helse Bergen	9,0 mill. kroner
Helse Førde	1,5 mill. kroner

Tilskotet skal inntektsførast i takt med avskrivningane på investeringane.

Sak 014/20 Budsjett 2020 for Helse Vest RHF – Administrasjonen**Oppsummering**

Forslaget til administrasjonsbudsjett for 2020 blir lagt fram innan den kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 013/2020 Konsernbudsjett 2020.

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 013/2020 Konsernbudsjett 2020, inntektsramme for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for RHF administrasjonen på kr 140,7 mill. inkl. lønns- og rekneskaps-senteret (LRS).

Administrerande direktør tilrår budsjettamma i tabellen under for 2020:

Administrasjon	Beløp
Administrasjonsbudsjett 2019	130 621
Deflatorjustering	3 396
Administrasjonsbudsjett 2020	134 017
Effekt av nye årsverk	6 721
Administrasjonsbudsjett 2020 inkl. nye årsverk	140 738

Helse Vest administrasjonen foreslår å auke nivået på tal årsverk i 2020 med 9,2 nye årsverk, til 71,2 årsverk.

Styret ønskja ei sak om organisering av Helse Vest RHF, inkludert oppgåvefordeling, samhandling mellom avdelinga, roller og interaksjon med helseføretaka.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtok budsjett 2020 for administrasjonen til Helse Vest RHF.
2. Styret vedtok budsjett 2020 for internrevisjonen i Helse Vest RHF.

Sak 015/20 Val av revisjonsutval

Oppsummering

Styret i regionalt helseføretak skal blant sine medlemmer velje minst tre personer til styret sitt revisjonsutval. Revisjonsutvalet blir oppnemnd for 2 år av gangen.

Vedtak (samrøystes)

Saka blei utsatt til neste styremøte.

Sak 016/20 Nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest

Oppsummering

Organisering av det nevrokirurgiske tilbudet i Helse Vest blei behandla i føretaksmøtet i Helse Vest RHF 18. desember 2007 og i styresak 020/08. Som ei oppfølging av styrebehandlinga om å dele funksjonen mellom dei to universitetssjukehusa i regionen, blei kompensatoriske tiltak fremma som krav til organiseringa konkretisert i føretaksmøter i Helse Bergen og Helse Stavanger den 7. mars 2008. Det blei i protokollane slått fast at alle legestillingar innan nevrokirurgi for framtida skulle vere forankra organisatorisk og i styringslinja i Helse Bergen.

Administrerande direktør tilrår i saka å løyse opp kravet om kor legane skal ha sitt tilsettingsforhold. Samstundes blir det presisert kva for oppgåver som kan utførast ved Helse

Stavanger, og korleis samarbeidet mellom dei to føretaka skal sikrast gjennom faglege møter og gjensidig openheit om verksemda ved dei to sjukehusa.

Vedtak (samrøystes)

1. Helse Bergen skal ha eit fullstendig nevrokirurgisk døgntilbod med unntak av tenester som er nasjonale og lagt utanfor Helse Vest.
2. Pasientar frå Helse Førde, Helse Bergen og Helse Fonna sitt opptaksområde skal få sitt nevrokirurgiske tilbod i Helse Bergen.
3. I tillegg til døgntilbodet ved Helse Bergen skal Helse Stavanger ha eit døgntilbod for pasientar i sitt opptaksområde, sjå punkt 4 og 5.
4. Følgjande akutte oppgåver kan utførast ved Helse Stavanger som tidlegare:
 - a. Hovud/nakke skade som ikkje inngår i multitraume som det regionale traumesenteret i Helse Bergen skal ha ansvar for
 - b. Kroniske subdurale hematomer
 - c. Enkle overfladiske intracerebrale blødingar utan bakanforliggjande strukturell årsak (tumor/kar-anomali)
5. Følgjande elektive oppgåver kan utførast ved Helse Stavanger som tidlegare:
 - a. Konsultasjons- og rådgjeivingsverksemd
 - b. Elektiv spinalkirurgi innanfor degenerative ryggsgjukdomar og funksjonell spinalkirurgi (baclofenpumper, bakstrengsstimulering)
 - c. Pasientar med CSF-problematikk med unntak av førstegangsinnlegging av ventrikulo-peritoneal shunt som skal skje i Helse Bergen
 - d. Intraspinala ekstramedullære svulstar som ikkje trengjer IOM
6. Helse Stavanger har det faglege og administrative ansvaret for nevrokirurgisk verksemd som blir gjennomført ved Stavanger universitetssjukehus.
7. Alle andre pasientgrupper/sjukdommar som krev nevrokirurgisk behandling skal få denne i Helse Bergen (unntatt nasjonale funksjonar).
8. Helse Bergen og Helse Stavanger skal saman, under leiing av Helse Bergen, sørge for at det minimum månadleg blir gjennomført kliniske konferansar mellom dei nevrokirurgiske fagmiljøa i desse to helseføretaka. I desse konferansane skal helseføretaka drøfte alle akutte inngrep, og gjennomgå kompliserte pasientar og behandlingsforløp for desse. Anna fagleg møteverksemd (etterutdanning, fag- og forskingsmøte, mv.) kjem i tillegg til dette.
9. Helse Stavanger skal fortløpande sikre at alle pasientar med nevrokirurgiske sjukdommar/problemstillingar som føretaket vurderer å sende ut av regionen, vert drøfta i eit felles fagleg forum, jf. punkt 7 og 8.

10. Helse Bergen og Helse Stavanger skal saman utarbeide årleg rapport til Helse Vest om tenesta. Rapporten skal mellom anna omhandle aktivitet, utvikling, fagleg samarbeid og bemanning. Når det gjeld rapport om aktiviteten skal konsesjonsbelagde data frå Norsk pasientregister nyttast til dette tråd med modell for styringsdata som no er lagt til grunn i Helse Vest.
11. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Bergen og Helse Stavanger for å gjere vedtak som trer i staden for vedtak gjort i føretaksmøtet 7. mars 2008.
12. Før gjennomføring av føretaksmøte skal saka gjennomgåast saman med Helse Bergen og Helse Stavanger for å sikre felles forståing om vedtaket og krav og innhald knytt til samhandling og rapportering, jf. særleg punkt 8 – 10. Eventuell gjensidig hospitering må vurderast.

Sak 017/20 Høyring – Grimstadutvalet

Oppsummering

Eit utval leia av professor Hilde Grimstad har levert si utgreiing: «*Studieplasser i medisin i Norge – Behov, modeller og muligheter*». Kunnskapsdepartementet har sendt utgreiinga på ei brei høyring. Helse Vest RHF er høyringsinstans, og legg i denne saka fram forslag til høyringsuttale for styret. Høyringsuttale frå Helse Stavanger, Helse Fonna, Helse Bergen og Helse Førde er og lagt ved saka.

Grimstadutvalet si overordna tilråding er at vi på lengre sikt bør ha ein utdanningskapasitet i medisin som dekker behovet for legar i landet. Utvalet meiner at utdanninga må vere tilpassa helsetilstanden, helsetenesta og befolkninga i Noreg, og fylle dei krava som blir stilt til norske helseutdanningar.

Eit overordna mål for Helse Vest er å auke kapasiteten for medisinutdanning på Vestlandet. Dette føreset eit effektivt og tett samarbeid – mellom sjukehusa, mellom universiteta, med politikarar og med næringslivet.

Universiteta på Vestlandet har fremja ulike alternativ for Grimstad-utvalet, som begge svarar på utfordringane med å auke kapasiteten på utdanning av legar i Noreg. Med Grimstad-utvalet sin rapport på bordet bør politikarane no ha det dei treng av bakgrunnsmateriale og dokumentasjon, slik at dei kan gjere gode val – til beste for Helse-Noreg si framtid.

Uansett kva avgjerd politikarane no landar på, må ein sikre at utdanninga av legar bør kome pasientane i regionen og nasjonen til gode. Det er brei semje på Vestlandet, mellom UiS, UiB og Helse Vest, at uansett kva modell for legeutdanning som blir valt, vil alle arbeide for å sikre gjennomføring av den modellen som blir valt.

05.02.2020 Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF gav sine innspel til høyringsuttale.

Oppdatert høyringsuttale basert på innspela frå styret vil bli utsendt til styret.

Endeleg avgjerd vil bli i ekstraordinært styremøte 10. – 11. februar.

Styremøte 10.02.2020

Oppsummering

Styret slutta seg til oppdatert forslag til høyringsuttale.

Forslag til vedtak

Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til høyringsuttale som går fram av saksførelegget.

Administrasjonen sitt forslag til vedtak falt.

Styret gav sin tilslutning til følgjande 2 vedtakspunkt (samrøystes)

1. Styret gav sin tilslutning til høyringsuttale som går fram av saksførelegget, justert for merknader som kom fram i styremøte.
2. Styret i Helse Vest vil understreke at den beste modellen for auka medisinarutdanning på Vestlandet, bør skje gjennom eit *tett og utvida* samarbeid mellom UiB, UiS og Helse Vest, til beste for pasientane på Vestlandet.

6 styremedlemmer stemte for følgjande vedtakspunkt 3: (Sigurd Hille, Olin Johanne Henden, Pernille, Ingeborg Morken, Bente Pilskog og Bjørn Egil Vikse)

3. Siktemålet må vere å få etablert ei felles medisinarutdanning på Vestlandet, bygd på Vestlandslegen, og ta heile Vestlandet i bruk.

3 styremedlemmer stemte for følgjande vedtakspunkt 3: (Einar Strømsvåg, Gunnar Berge, Wenche Kristin Røkenes)

3. Siktemålet må vere å få etablert ei felles medisinarutdanning på Vestlandet og ta heile Vestlandet i bruk.

Sak 018/20 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 01.10.2019

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 1. oktober 2019.

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 11. desember 2019.

Leiar av internrevisjonen reiste spørsmål om ein burde gjennomgå organiseringa av internrevisjonsarbeidet i Helse Vest. Styret slutta seg til dette og ba administrerande

direktør om å sjå på alternative måtar å organisere internrevisjonsarbeidet på i Helse Vest. Administrerende direktør vil koma attende til styret med eit forslag til mandat for arbeidet.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 01.10.2019 til orientering.
2. Administrasjonen i Helse Vest gjennomgår organisering av internrevisjonen i Helse Vest og kjem tilbake til styret med forslag til mandat for arbeidet.

Sak 019/20 Vurdering av behov for revidering av regional plan for behandling og rehabilitering ved hjerneslag

Oppsummering

Behovet for revidering av den regionale planen for behandling og rehabilitering ved hjerneslag har blitt vurdert etter at fase 2 i pakkeforløp for hjerneslag blei publisert i november 2019. Pakkeforløpet for hjerneslag omfattar no heile forløpet frå symptomdebut til vidare oppfølging og rehabilitering etter eit hjerneslag.

Kunnskapsgrunnlaget for pakkeforløpet er nasjonal fagleg retningslinje for behandling og rehabilitering av hjerneslag, revidert i 2017.

På bakgrunn av at det no ligg føre nasjonale normerande dokument for heile behandlings- og rehabiliteringsforløpet ved hjerneslag, vurderer administrerende direktør at det ikkje er behov for å revidere den regionale planen for behandling og rehabilitering ved hjerneslag. På grunnlag av resultata frå målingane av pakkeforløpet for hjerneslag vil administrerende direktør i 2021 gjere ei ny vurdering av behovet for ein regional gjennomgang.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest tok saka til orientering.

Sak 020/20 Orientering om utnemning av nye medlemmer i tilsettingsutval - Tilsetting av ny administrerende direktør i Helse Vest RHF

Oppsummering

Administrerende direktør Herlof Nilssen har gitt styreleiar i Helse Vest RHF melding om at han vil fråtre sin noverande stilling som administrerende direktør i tråd med arbeidsavtale våren 2020.

Styret har etter Lov om helseføretak § 38 ansvar for å tilsetja ny administrerende direktør.

For gjennomføre tilsettingsprosessen, utnemnde styret i styremøte 5. september 2019 eit tilsettingsutval med følgjande samansetting:

- Styreleiar Einar Strømsvåg
- Eigaroppnemnd styremedlem Tone Berntsen Steinsvåg
- Eigaroppnemnd styremedlem Katrine Trovik
- Representant frå styremedlemmer vald av og blant dei tilsette Wenche Kristn Røkenes

Sekretær for tilsettingsutvalet er Hilde Christiansen.

Med bakgrunn i at nestleiar Tone Berntsen Steinsvåg og styremedlem Katrine Trovik gjekk ut av styret i Helse Vest ved føretaksmøte i januar, gjorde styret i styremøte 11.01. 2020 i sak 004/20 følgjande samrøystes vedtak:

Styret gav sin tilslutning til at Olin Johanne Henden erstattar Tone Berntsen Steinsvåg i utvalet.

Styret gav styreleiar fullmakt til å utnemne eit nytt medlem av utvalet til å erstatte Katrine Trovik.

Styreleiar orienterer med dette styret om at Sigurd Hille er utnemnd som medlem av utvalet.

Styret har gitt tilsettingsutvalet fullmakt til å gjennomføre tilsettingsprosessen fram til det føreligg endelig innstilling frå tilsettingsutvalet.

Tilsettingsutvalet skal leggje fram si innstilling for styret i Helse Vest RHF som tilset ny administrerande direktør.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF tok utnemninga av nye medlemmer i tilsettingsutval - Tilsetting av ny administrerande direktør i Helse Vest RHF til orientering. Tilsettingsutvalet består no av:

- Styreleiar Einar Strømsvåg, leiar
- Eigaroppnemnd styremedlem Olin Johanne Henden
- Eigaroppnemnd styremedlem Sigurd Hille
- Representant frå styremedlemmer vald av og blant dei tilsette Wenche Kristin Røkenes

Sak 021/20 Resultat omdømmemåling 2019

Oppsummering

Resultata frå omdømmemålinga 2019 viser at Helse Vest har klart å oppretthalde dei gode resultata frå 2017 og åra før.

Innbyggjarane på Vestlandet gir Helse Vest spesielt gode tilbakemeldingar når det gjeld resultatmåla knytt til tilfredsheit med det samla sjukehusstilbodet der dei bur, tiltru til at dei får den behandlinga dei treng og inntrykket av det nærmaste sjukehuset. Som resultata i frå dei førre målingane (2016 og 2017) viste, seier også denne målinga at innbyggjarane sitt inntrykk av det nærmaste sjukehuset er betre enn vurderinga av kva omdømme eller rykte dei trur sjukehuset har.

Innbyggjarane opplevde ikkje i særskilt grad at sjukehusa på Vestlandet lever opp til visjonen om å fremme helse og livskvalitet. Ei årsak kan vere at det er ein differanse i assosiasjonen ein har til sjukehus og visjonen vi har. Innbyggjarane på Vestlandet har eit relativt dårlig inntrykk av ventetider, sjølv om inntrykket er betra samanlikna med 2017 og tidligare år. Denne oppfatninga er likevel ikkje ein drivar som verkar inn på omdømme direkte.

Resultata kan brytast ned på føretaksnivå og må gjennomgåande reknast som gode. Det har vore ein tendens til at dei største føretaka gjer det best, mens dei minste har scorar jamt over noko dårlegare. Dette gjeld i stor grad også i 2019 målinga, men vi ser at Helse Fonna scorar dårlegare samanlikna med dei gode resultata frå 2016 og 2017. Nedgangen er ikkje signifikant, men det er ein klar tendens i negativ retning, noko Helse Fonna bør sjå nærmare på årsakene til.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok resultata frå omdømmeundersøkinga 2019 til orientering.
2. Styret slutta seg til at omdømmeundersøkinga framleis skal gjennomførast annan kvart år.

Sak 022/20 Regulering av styregodtgjering i helseføretak

Oppsummering

Styregodtgjering til styremedlemmer i underliggjande helseføretak er blitt regulert anna kvart år, sist i føretaksmøte 21. februar 2018. Det blir i saka tilrådd å auke nivå på styregodtgjering til styra i underliggjande helseføretak tilsvarende auken gjort for styret i Helse Vest RHF i føretaksmøte 14. januar 2020.

Styregodtgjering til styremedlemmer i underliggjande helseføretak er blitt regulert anna kvart år, sist i føretaksmøte 21. februar 2018. Dette er i tråd med praksis frå Helse- og omsorgsdepartementet som fastset styregodtgjering for styremedlemmer i dei regionale helseføretaksstyra. Styregodtgjering for styret i Helse Vest RHF blei regulert i føretaksmøte 14. januar 2020.

Det følgjer av helseføretakslova § 21 tredje ledd at det ligg til føretaksmøtet å fastsetja godtgjering til styret.

Vedtak (samrøystes)

1. Styregodtgjering for styra i underliggjande helseføretak og Helse Vest IKT AS blir regulert i samsvar med saksførelegget.
2. Endeleg fastsetjing av styregodtgjering blir gjort i føretaksmøte/generalforsamling.

Sak 023/20 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Jan Oddvar Gjerde oppsummerte frå møte i Regionalt brukarutval 5. desember.

RBU har gitt sin tilslutning til at det også blir oppretta brukarutval for felleseigde selskap.

Årleg melding frå Regionalt brukarutval blir lagt fram i neste styremøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 024/20 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

- Skriv 01 – Brev frå Helse Bergen HF til Helse Vest RHF, Nasjonal sikkerheitspsykiatrisk og rettspsykiatrisk eining for born og ungdom – 060120
- Skriv 02 – Møtereferat frå Regionalt brukarutval – 051219
- Skriv 03 – Uttale Ambulansetenester i Helse Førde
- Skriv 04 – Organisering av nevrokirurgi i Helse Vest - Brev frå Helse Bergen
- Skriv 04 - Organisering av nevrokirurgi i Helse Vest, vedlegg 1 - Styresak Helse Berge
- Skriv 04 - Organisering av nevrokirurgi i Helse Vest, vedlegg 2 - Styrevedtak Helse Bergen
- Skriv 05 - Fråsegn om å styrke medisinstudanninga på Vestlandet - frå Vestland fylkeskommune

Fagmiljøet i Helse Bergen tilrår at det blir oppretta ein Nasjonal sikkerheitspsykiatrisk og rettspsykiatrisk eining for bar og unge lokalisert i Bergen. Styret ønskja ei styresak om born på sikkerheitsavdeling når organisatoriske og økonomiske forhold er avklart.

Vedtak (Samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Lukka del:

Sak 008/20 AD si orientering pkt. 6, blir behandla i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd nr. 2.

Sak 008/20 AD si orientering pkt. 6 - Nye styre i helseføretaka

Oppsummering

Styret diskuterte styresamansetting, endringar i HF-styra og aktuelle kandidatar til HF-styra. Arbeidsutvalet for val av nye HF-styre legg fram si endelege tilråding i slutten av februar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok gjennomgangen til orientering.

Ref. 09.02.2020 Torunn Nilsen

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Sett:	
Ingeborg Morken	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Pernille Lysaker	Medlem
Bente Sissel Pilskog	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem